



Arkivnr: 2014/10499-52

Saksbehandlar: Roald Breistein

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet		

## Prosjektrekneskap Bellgården AS - Status i arbeidet ved Deloitte

### Bakgrunn for saka:

Kontrollutvalet drøfta sak om prosjektrekneskap Bellgården AS i møte 24.8.15 og gjorde då slikt vedtak:

«Kontrollutvalet har motteke henvending frå kultur- og idrettsavdelinga gjeldande revidert prosjektrekneskap av Bellgården AS for tilskot dei har motteke frå Hordaland fylkeskommune. Den mottekne dokumentasjonen vart lagt fram for Deloitte til ei førebels vurdering. På bakgrunn av tilbakemeldinga frå revisor ber kontrollutvalet om at Deloitte gjer naudsynnte undersøkingar for å finna ut om kostnadene som er ført i denne prosjektrekneskapen faktisk tilhøyrer dette prosjektet og at det er tilskotsberettiga. Vidare vert det bede om ei vurdering av om det er andre høve som bør avklarast frå Hordaland fylkeskommune sin ståstad som tilskuddsgjevar, jf. formulering i vedtak/ tilskotsbrev der det m.a. står:

«Fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor skal ha rett til åtkomst til tiltaket og innsyn i rekneskap og dokumentasjon i slik grad som fylkeskommunen og revisor finn naudsynt av kontrollomsyn.»»

### Drøfting:

I dette møtet er Deloitte beden om å orientere kontrollutvalet om status i arbeidet.

### Konklusjon:

På bakgrunn av det som kjem fram i møtet må kontrollutvalet diskutere seg fram til kva ein vil gjera vidare i saka. Saka vert difor lagt fram utan forslag til vedtak.

### **Forslag til vedtak**

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
utvalgssekretær

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*